



Også Anbjørn Høivik gler seg over innvandringa

**Befolkningsutvikling og bustadbyggjing var 2**

**tema som vart drøfta under møtet til Uskedal Utvikling i Gamleskolen ikveld - med Anbjørn Høvik frå kommunen og investor Johannes Hjørnevåg som innleiarar. Høvik ga eit svært interessant innsyn i korleis eit folketal svingar og slo med Statistisk Sentralbyrå som kjelde fast at det ved årsskiftet var 13 234 kvinnheringar og 1064 uskedelingar. Han la ikkje minst vekt på kva omdømmet betyr for ei bygd og som no slår positivt ut for Uskedalen. Hjørnevåg kom detaljert inn på prosjektet Stølen Seniortun, som han brenner for og som han meiner er svært godt.**

Høvik tok med ein Telemarkforskar som kjelde fram dei faktorar som byggjer opp eit omdømme. Omdømme som stad å driva næringsliv har areal og lokale som viktige faktorar, Omdømme som stad å vitja har hytter og overnattingskapasitet som stikkord og omdømme som stad å bu vert avgjort av tomteareal, bustader og tilgjengelegheit.

Høvik delte omdømmebegrepet slik : Areal og bygningar, goder og identitet og kultur på staden. Harald Sunde ga uttrykk for at Uskedalen er på rett veg med omsyn til omdømme. Han fann mange positive døme frå det som no skjer i bygda og det legger folk merkje til.

Høvik hadde også ein interessant statistikk over innvandringen til kommunen som konkluderte med ein auke i folketalet frå 0,6 prosent i 1970 til 6.6 prosent i 2014 og det med aukande takt, Likevel har vår kommune langt lågare del innvandrarar enn Hordaland, som ligg på 10,9 prosent. Noreg er no oppe i 12 prosent. Utan invandring hadde folketalet vore fallande frå 1990- Europearar utgjør vel to tredelar av innvandrarane i vår kommune.

Hjørnevåg opplyste at han har som mål å byggja ut prosjektet Stølen i to steg, med omtrent like mange bueningar. Det skal leggjast stor vekt på å få til eit godt sosialt fellesskap. Vi kjem att med fleire detaljar frå prosjektet.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Det nye styret i Uskedal Utvikling består av Kristian Bringedal, Henrik Lyse, Jan Erik Olsson, Gunn Mari Moberg og Jurgita Zemaitaitiene. Egil Myhre er også i styret, men han var ikkje til stades då biletet vart teke.